# Møtebok 10 - 24
# Moster sokneråd
# 12.11. 2024

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Hans Magne Nesse Stokka, Solveig Eikeland, Nils Otto Espeland, Elisabeth Jacobsen, Aksel Lygre, Gerda Bondø, Elisabeth Gjøsæther Løkling

**Sak 102 – 2024 Godkjenning av møtebok frå 8.oktober og innkalling.**
**Vedtak:** Innkalling godkjent med tre nye saker på ymse
Møteboka vart godkjent.

**Sak 103 – 24 Oppfylging av tidlegare saker**

***Evaluering av gudsteneste for 4-åringar.**
**Ei flott gudsteneste som var godt besøk. Likevel etterlyser ein bots- og bededagen si eiga ramme. Gudstenesta for 4-åringar kunne vore lagt til ein anna dato.**

***Evaluering av songkveld 7.november**
**Ein fin kveld med fine songar, god tale og flott musikk.**

***Evaluering av Lys Vaken**
**Flinke konfirmantar som deltok saman med elleveåringane. Litt lite folk.**

***Jubileumsgudsteneste – og helg. Kvar står saka?**
**Fredag 29-11 kl 19.00: sette opp bord, stolar og pynta**
**Hans Magne S. undersøkjer om ein kan gjere borda klar torsdag kveld.**
**Søndag: Elisabeth J. og Solveig E. møter i Salem kl.10.00 for å ta mot kaker og lage kaffi.**
**Solveig E. og Elisabeth J. kjøper inn, kaffi, kaffifløyte, dukar og pynt**
**Gudstenesta: Arne Kvarven syng, viser til førre referat for meir info.**
**Pressemelding: ansvar Aksel Lygre**

***Rekruttere ungdom som medarbeidarar og leiarar og gje dei leiartrening.**
**TOL-utvalet har saka. Korleis går det?**

**Utset til etter jubileum**

***Nådegavekurs. Kvar står saka?**
**Ikkje endring sidan sist**

***Kven blir med i komité for temakveldar?**
**Aksel Lygre, Solveig Eikeland**
**I tillegg må ein prøve å få eit medlem til.**

**‘Ny representant til støttegruppa for Moster gamle kyrkje.**
**Rune S. spør**

***Praktiske gjeremål i samband med prioriteringsliste**
**Utstyrsskap: spørje nokon om å byggje skapet etter teikning. Dette må gjerast etter jubileum. Dette verte tema på januarmøtet.**
**Hans Magne skaffar nytt brannslokkingsapparat snarast.**

***Endring for dato vigsling av orgel, 2.februar 2025.**

**Sak 104 – 24 Oversikt over arrangementa vidare i haust**
Ungdomsgudsteneste 24.11. Felles gudsteneste med Salem 8.12.
**Vedtak:** Julekonsert 15.12.
Kyrkjevertar; Gunnvald Bjotveit, Gerda Bonde
Elisabeth J. kjøper inn blomar
Gunnvald finn nokon som kan leie.

**Sak 105 – 24 Økonomisk kvartalsrapport, 3 kvartal.**
**Vedtak:** Soknerådet tek rapporten til vitande.

**Sak 106 – 24 Kyrkjeofringar i 2025.**
**Leiar, kasserar og prest legg fram forslag.**
**Vedtak**: forslaget vart vedtatt.

**Sak 107 – 24 Sal av jubileumsbok – korleis fremja salet vidare?**
**Vedtak:** Boka må minnast om på alle gudstenester.
Spørje om ein får sitje på Kiwi for å selja boka, Gunnvald Bjotveit gjer dette.

Bøkene må vere med til Salem på når ein har kyrkjekaffi.

**Sak 108 – 24 Referat og meldingar**
Utval for kyrkjemusikk og gudstenesteliv, sjå referat.
TOL-utvalet , har ikkje hatt møte sidan sist.
Diakoniutvalet, leiar Solfrid Hjelland, skrivar Nils Otto Espeland.
Fellesråd og administrasjon:
Kort om brannvern, kontaktperson ved alarm, økonomi
Estlandskomiteen: vert ikkje tur neste år. Konsert til våren.
Komité for hefte om nytt orgel, har ikkje hatt møte sidan sist
Sokneródsleiar, prest eller andre; Gunnvald Bjotveit har hatt kontakt med Kyrkjeverje angåande bilete til våpenhuset. Arbeidet er under førebuing.

**Sak 109 – 24 Matkasseprosjektet**
**Vedtak:** 5000 kr vert betalt på forskott av offer frå julekonserten. Eventuelt overskytande vert ettersendt**.**

**Sak 110 – 24 rekning frå fellesråd på 75.000**
**Vedtak:**
Soknerådet vil påpeike at dei summane som gjeld kyrkjebygget er fellesrådet sitt ansvar. Grunna den økonomisk situasjon vil soknerådet betale dette, denne gongen.

**Sak 111 – 24 Offer mai 2023 til Gentle Hands**
Organisasjonen er ikkje operativ.
**Vedtak**: Desse pengane vil no verta sendt til eit prosjekt som jobbar med barn, Nådehjemmet. NMS.